



## Møteprotokoll Formannskapet

**Møtedato:** 05.12.2022  
**Møtestad:** Austrheim samfunnshus  
**Møtetid:** 10:00 - 14:50

Arne Kringlen og Marie Anderson frå Norconsult orienterte om "Moglegheitsstudie for Øksnesmarka".

Dagleg leiar i Aufera, Kari Smith, orienterte om drifta og gjeldssituasjonen.

| Frammøtte medlemmer             | Parti | Rolle        |
|---------------------------------|-------|--------------|
| Per Lerøy                       | AP    | Ordførar     |
| Inger Lise Brekke               | H     | Varaordførar |
| Morten Sognes                   | H     | Medlem       |
| Helge Dyrkolbotn                | KRF   | Medlem       |
| Bjørn Inge Håland<br>Dyrkolbotn | SP    | Medlem       |

**Desse møtte frå administrasjonen:**

Asbjørn Nagell Toft, Bjørnar Fjellhaug, Christopher Marius Straumøy, Ketil Tjore, Kim André Vangberg, Odd Harald Dommersnes, Rolf-Henning Myrmel, Thomas Lindås, Trine Merete Jansen.

Austrheim 8. desember 2022

Per Lerøy  
ordførar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

| <b>Saknr</b> | <b>Tittel</b>   |
|--------------|---|
| 110/22       | Godkjenning av innkalling og sakliste   |
| 111/22       | Godkjenning av møteprotokoll  |
| 112/22       | Meldingar   |
| 113/22       | Delegerte saker   |
| 114/22       | Orienteringssak   |
| 115/22       | Klagehandsaming - Dispensasjon til deling og oppføring av naust - gbnr. 139/7 - Solend                  |
| 116/22       | Klagehandsaming Dispensasjon gbnr. 132/9 - Riving av Notbu og oppføring av fritidsleiligheter - Utkilen |
| 117/22       | Dispensasjon - gbnr. 160/22 -Klauvholmen/ Rebnor - Tilkomstveg - Fritidsbustad                          |
| 118/22       | Offentleg ettersyn - Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland - Uttale frå Austrheim kommune      |
| 119/22       | Gratis 12-timers SFO for elevar på 1. trinn   |
| 120/22       | Budsjettframlegg 2023 og økonomiplan for 2023 til 2026  |

## **110/22: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **05.12.2022 FORMANNSKAPET**

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **FS - 110/22 - 05.12.2022 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

---

## **111/22: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **05.12.2022 FORMANNSKAPET**

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **FS - 111/22 - 05.12.2022 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

---

## **112/22: Meldingar**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

#### **05.12.2022 FORMANNSKAPET**

Avdelingsleiar plan, landbruk og miljø, Asbjørn Toft, orienterte om melding 112/22.2. Dette er endeleg vedtak frå Statsforvaltar i saka om bygging av kommunale omsorgsbustader på 42/209. Med dette kan ein kjøra på med anbudsprosess for å komma i gang med bustadene.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa om melding 112/22.3 at det kjem ein revidert avtale etter handsaminga i Alver kommune. Her sa Morten Sognnes (H) at det er bra med ny avtale.

Morten Sognnes (H) spurte om melding 112/22.1, om skattlegging for stolpepunkt for kraftlinjer. Her sa Per Lerøy (Ap) at det vert jobba inn mot sentrale ledd, om ein skal bli skattlagt for dette er det ingen som vil godta bygging av ei kraftlinje. Naturressurskommunane vil jobba for å få til ei skikkeleg ordning. Inger Lise Brekke (H) sa seg samd i at dette kan skapa stor frustrasjon mellom dei enkeltpersonane som kan verta råka av dette. Lerøy (Ap) sa at det er rettssaker på gang her, der Naturressurskommunane tar kostnaden.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa om melding 112/22.5 at kommunalsjefen vil komma tilbake med meir informasjon kring dette. Trur dette vert veldig positivt for å avdekka tidleg og kunna setta inn gode og målretta tiltak så tidleg som mogleg. Om dette sa Per Lerøy (Ap) at ein må passa på at støtte til eit prosjekt ikkje fører med seg tilsetingar som varer ut over tilskotsordninga. Inger Lise Brekke (H) spurte om det er støtte til barnekoordinator, dette stadfesta Fjellhaug, og sa at ein vil komma tilbake med prosjektskisse seinare for korleis ein skal bruka tilskotet på 1 million kroner.

Handsaming i formannskapet:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **FS - 112/22 - 05.12.2022 - Vedtak:**

Meldingane vart tekne til orientering

---

#### **113/22: Delegerte saker**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

#### **05.12.2022 FORMANNSKAPET**

Avdelingsleiar plan Asbjørn Tofte orienterte om dei delgerte sakene.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 113/22 - 05.12.2022 - Vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

---

**114/22: Orienteringssak**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

**05.12.2022 FORMANNSKAPET**

Arne Kringlen og Marie Anderson frå Norconsult orienterte om "Moglegheitsstudie for Øksnesmarka".

Inger Lise Brekke (H) spurte om myr og bevaring av myr, om det har større betydning for miljø og klima no enn før, og korleis er dette teke med i arbeidet?

Kringlen svara at dette er med i eit klimarekneskap som skal lagast, skal prøva å rekna ut dette. Samstundes er det forskjell på myr og myr, det er djupne og anna som må komma fram i den kartlegginga som skal gjerast. Brukar den siste anerkjente metodikken som er brukt.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn spurte om kva metodikk ein har, feltarbeid eller anna.

Kringlen svara at det vert henta inn verdiar, og så vert dette lagt inn på skalaen, så ser ein inngrepet opp mot dette og lagar den likninga som gjev konsekvensen av inngrepet. Enkelte verdiar kan ha svært stor verdi, men om inngrepet har lite å seia vert konsekvensen liten. Så er det motsett om inngrepet tar vekk heile den aktuelle verdien.

Per Lerøy (Ap) spurte om avbøtande tiltak er med, Kringlen svara at både avbøtande og kompenserande tiltak er med i dei vurderingane som vert gjort. Kan vera avbøtande tiltak som også ligg utanfor sjølve planområdet.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om trafikkavviklinga, reknar med at det er hovudvegen som skal brukast for bortkøyring av masser. Kva om det kjem krav frå Statens vegvesen, kjem det med i vurderingane?

Kringlen svara her at det vert teke med i kartlegginga om det må gjerast noko med eksisterande vegnett, og eventuelt kva som må gjerast.

Marie Anderson frå Norconsult orienterte nærare om dei tiltaka som er skisserte, som landbasert fiskeoppdrett i samankopling til eit fjøs for ammekyr, og viste skisser for ulike satsingar som kan gå under nemninga subsidiærøkonomi.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om tidshorisont for utbygging av området. Representantane frå Norconsult svara at dette må komma i den politiske handsaminga, men der kan eit stilla krav om

korleis det skal sjå ut undervegs, og setta tidskrav og rekkjefølgjekrav.

Per Lerøy (Ap) sa at det ikkje skal vera steinuttaket, men eit næringsområde for framtida. Viste til at det er biogassproduksjon på Stord, som er ein suksess med mottak av husdyrgjødsel og fiskeslo som råvare for produksjon av biogass.

Inger Lise Brekke (H) spurte om subsidiærøkonomi er ein suksess andre stader.

Marie Anderson frå Norconsult svarta at det er i startfasen enno, men det er interesse for å etablera denne typen næringar.

Inger Lise Brekke (H) repliserte at det verkar litt diffust, kva skjer om berre noko vert etablert, vil det rettferdiggjera inngrepa i naturen der?

Representantane frå Norconsult svarta at ein vil ta i bruk det område som vil vera aktuelt for den drifta ein skal ha, og laga ein faseplan for korleis ein skal opna opp dette området. Om ein ikkje skal ha ein spesiell aktør her no, så prøver ein å laga spennande planar som kan vera aktuelle for fleire aktørar.

Morten Sognes (H) sa at denne utbygginga er eit miljøtiltak som ein må støtta med full kraft.

Per Lerøy (Ap) sa at det er problem med lakselus i Nordhordland, og skal ein produsera laks berekraftig så er det anten på land, i utsleppsfrie anlegg i sjø eller i nedsenka merdar i sjø. Alt dette er kvalitetar ein kan klara både i og ved Øksnesmarka, sidan det er djupt rett utom og mogleg å produsera både i og ved sjø. Også betre dyrevelferd med mindre lakselus.

Inger Lise Brekke (H) spurte om det kan vera problem med støy, er det mogleg å sjå dette frå tilsvarande anlegg andre stader.

Marie Anderson frå Norconsult svarta at det må inn i konsekvensutgreinga, ein må ta opp og diskutera dette med støy.

Per Lerøy (Ap) sa at ved liten byggetid vil det gje mindre konsekvensar, alle vil vera interesserte i kort byggetid.

Inger Lise Brekke (H) viste til at det ikkje berre er bygginga, men også drifta i etterkant, og trafikk med meir.

Arne Kringlen frå Norconsult sa at alle konsekvensar skal vurderast, men alt av utvikling og anlegg vil gje konsekvensar for nokon. Må kartlegga kva som er konsekvensane og kva avbøtande tiltak ein kan få til. Kva er akseptabelt og kva er ikkje akseptabelt.

Per Lerøy (Ap) viste til at det hadde vore noko uro i forkant av biogassanlegget på Stord, men der var det ikkje noko uro når anlegget kom i drift.

Til dette sa Marie Anderson frå Norconsult at dette med biogass kan ein ta nærare med i utgreinga.

Morten Sognes (H) sa at ein må jobba for dette. Treng ikkje vera negativt for dyreliv, er dyreliv tett på Equinor Mongstad.

Per Lerøy viste til at det må takast omsyn til i planarbeidet, då treng det ikkje bli så kostbart i etterkant. Mulighetsstudien som skal lagast, blir ein del av planprogrammet.

Dagleg leiar i Aufera, Kari Smith, orienterte om drifta og gjeldssituasjonen ved verksemda.

Smith presiserte i innleiinga at Aufera ikkje har misleghalde gjeld eller sendt noko rekning til Alver kommune, men det er økonomiske utfordringar for verksemda.

- Er ei del kostbart utstyr som trengs, driv på same krava som andre med tanke på vask av arbeidstøy for ulike kundar og liknande.
- Er ein del ting som er krevjande med drifta, ser ikkje at det er mogleg å spara inn meir enn det ein gjer.
- Har komme seg i nye lokale, med brukte møblar til arbeidsplassar og personalrommet.
- Flyttinga var eit løft økonomisk, men drifta ville ikkje fungert utan.
- Ser at det er nokre som vil slå saman desse VTA-bedriftene, men Aufera klarer seg bra sjølv. Fusjonering vidare vil gje meir samling, trur ikkje det er bra. Det er langt frå Fedje til Knarvik og Frekhaug, og det er viktig med ein lokalitet i denne delen av regionen.
- Det som er utfordringa er lånet Aufera har, klarer å betala men ba om å utsetja det eine avdraget.
- Det er ikkje nok å baka fleire lefser eller vaska meir klede. Kommunane må på bana, og kjøpa fleire plassar. Alver kjøper plassar hjå Kim og Gløde, men ikkje av Aufera, berre tenester. Det er viktig at kommunane kjøper plassar av Aufera, det er det som monnar. Trur at det til slutt er rimelegare for kommunane å bruka Aufera enn å bygga opp eit tilbod sjølve.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til eigarmøte der Alver lova å ta opp dette med kjøp av plassar, Smith svara at ein ikkje har komme noko vidare enno med dette.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein hadde forstått det slik at det ikkje er krise enno. Smith svara at det er krevjande, og utan avtalen med Austrheim hadde det vore verre.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det tidlegare er gitt driftsstøtte, det er eit tiltak som kan vurderast heller enn at ein kanskje må innfri garantien.

Inger Lise Brekke (Ap) spurte om det er fleire som har behov for plass på Aufera.

Kari Smith svara at det er enkelte som er til vurdering for plass på Aufera. Sa vidare at Arbeidssenteret hjå Austrheim kommune heller skulle vore kalla eit aktivitetssenter eller dagsenter, det er litt villeiande å kalla det eit arbeidssenter. For dei som skal jobba på Aufera er det krav til at dei har ei restarbeidsevne.

Helge Dyrkolbotn viste til dei tilbakemeldingane RMNF får om at dei som er på Aufera trivst godt, Aufera gjer ein god og viktig jobb. Andre kommunar må også stilla opp slik at ein kan sikra denne tenesta på ein god og trygg måte. Håpar at ein kan komma ut av dette uføret.

Per Lerøy (Ap) viste til at han som ordførar er med på Aufera sitt julebord, og møter stolte arbeidstakarar der som er krye over den jobben dei gjer i samfunnet.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det var bra med ei slik orientering. Viktig om Aufera er raske tilbake med tilbakemeldingar om det skjer noko meir i denne saka.

Per Lerøy (Ap) viste til at dei andre eigarkommunane har fått tydeleg beskjed også tidlegare frå Aufera.

Kari Smith sa at politikarane er hjarteleg velkomne til å komma inn på Aufera og sjå korleis dei driv der.

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om ulike prosjekt:

- Framdrift om kloakkpumpestasjonar med meir. Må ta noko førebuande omlegging av hovudvassleidningen til høgdebassenget på Årås, i tilfelle dagens leidning ryk under det arbeidet som skal gjerast. Har sprengt ut noko for ny hovudvassleidning/gangveg

Åråsvågen til Åråsfeltet, sidan det er best å gjera dette før ein får på plass ny kloakkpumpetasjon i Åråsvågen.

- Gangvegen frå Nordliheimen til Seniorsenteret, her krov fylket eit meir utvida teikningsgrunnlag, det er sendt over men har ikkje fått svar frå fylket enno. Purrar på dette vidare, kommunen er klar for å starta opp. Har ein trasé som kan brukast utan å flytta høgspenteleidning som ligg i bakken.
- Skuleutbygginga på Årås er godt i gang. Klarmed ringmur, reisverk startar ein på i veke 49. Ei endring som er gjort er å leggja kloakken litt annan veg enn tenkt tidlegare, for å sleppa å ta opp golv i eksisterande bygningsmasse. Denne fløyen vil no ha avløp uavhengig av resten av bygget, kan vera ein føremon om noko skjer med kloakken.
- Utbygging Kaland skule, Kaland 3 er så godt som tømt og ein er i gang med riving og flytting av det som skal gjerast. Toalettanlegget skal rivast om ei veker tid. Ser at det dukkar opp utfordringar som må løysast undervegs. Vassboren varme skal inn i Kaland 3, ser at det er lite høgde til å gjera det slik ein ønskjer, det er ikkje høgde nok i korridorane under ventilasjonsanlegget til å bygga opp golvet slik ein hadde tenkt.
- På Kaland har ein sett på skifte av ventilasjon i barnehagen, men vil heller få dette innunder felles ventilasjon for heile skulen med lågare utgifter på sikt. Elles tek ein isolasjon og anna som er viktig for driftsutgifter, maling kan ein ta seinare.
- På spørsmål frå Helge Dyrkolbotn om støtte frå Enova til skuleprosjekta, svara Myrmel at dette er noko Norconsult skal sjå på.
- Nordhordland Grunn og betong skal ta transporten av steinmassar frå den utvida Lindås transformatorstasjon til den kommunale tomta ved Mongstad-krysset der steinen skal brukast til masseutskifting, jorda skal køyrast vekk. Kommunen ser på om ein skal bruka fastpris eller timepris på den delen av arbeidet som kommunen skal ta, ser ut for at timepris er det enklaste å halda seg til. Skal ta i mot 20.000 kubikkmeter stein.
- På spørsmål frå Helge Dyrkolbotn (KrF) svara Myrmel at arbeidet på trafostasjonen startar i februar/mars, så tilkjøring av stein vil starta utpå våren.
- På spørsmål frå Morten Sognnes (H) om knausane på tomta svara Myrmel at desse ikkje skal fjernast no.
- På spørsmål frå Per Lerøy (Ap) svara Myrmel at er det ikkje sett noko teikn kostnadssprekk på skuleprosjekta per no. På Kaland var det lagt inn buffer til eventuelt. Men må vera klar over at det ikkje er alle veggjar på skulen som skal pussast opp, ein tek dei flatene som er med, men ikkje alle flater.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte:

- KS sitt debathefte kjem med i budsjettmøtet i desember
- Legevakt, Alver kommune har sagt opp avtalen om legevakt. Ventar på eit notat frå kommunedirektøren i Alver om at dagens avtale gjeld til ny er klar, og ventar så at ny avtale kjem til kommunestyret i Austrheim i februar 2023. Ny avtale trer i kraft når alle kommunar har godteke denne. Austrheim har bedt om klarare tal om bruken av legevakten.
- Kommuneoverlege Peter Kubon er tilbake permisjon frå 5/12, og går inn i 50 prosent stilling som kommuneoverlege frå nyttår. Ikkje kurativ verksemd.
- Austrheim får 5,2 millionar frå Havbruksfondet, hadde budsjettert med 1,6 millionar. Rett å budsjettera konservativt med desse midlane, som kan vera usikre. Kjem meir om økonomi i møtet i kommunestyret 15/12.

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om flyktningar:

- Austrheim har tatt i mot 26 personar, ein av desse har returnert til Ukraina, så ein har halde seg til 25 som kommunestyret har sagt i sitt vedtak.
- Ikkje alle har komme enno.
- Er vanskeleg å finna bustader, det er noko som vert jobba med.
- Flyktningane går inn i introduksjonsprogrammet, men det er gjerne vanskeleg å sikra språkpraksis.
- Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (Imdi) oppmodar Austrheim til å ta imot 20



flyktningar i 2023.

- Austrheim har plass på skule og i barnehage, og har auka noko på kapasiteten i vaksenopplæringa, det er busettinga som er utfordringa. Er også andre som har vanskar med å komma seg inn på bustadmarknaden, så kommunen kan gjera det vanskelegare for desse ved å ta i mot fleire flyktningar.
- Av dei 17 som er på plass er 5 barn, det kjem ytterlegare 3 barn av dei som kjem i januar.
- Per Lerøy (Ap) sa at ein berre må oppmoda folk til å stilla bustader til rådvelde, det kan også vera fritidsbustader i tilfelle der desse har gode nok kvalitetar til å vera faste bustader.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 114/22 - 05.12.2022 - Vedtak:**

Orienteringane vart teke til vitande.

---

**115/22: Klagehandsaming - Dispensasjon til deling og oppføring av naust - gbnr. 139/7 - Solend**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følge.

Grunngeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33 og pbl. § 19-2.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for endeleg avgjerd.

**05.12.2022 FORMANNSKAPET**

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Viste mellom anna til at det er vanskeleg og kostbart å ta slike endringar i reguleringsplanar kvar gong det skal byggast noko.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at dette er noko som kommunen kjem til å ta opp med Statsforvaltar, skal ikkje ha eit overformynderi mot kommunane når det gjeld bruken av strandsona. Signalet frå statsforvaltar Navarsete er at ho ønskjer å leggja seg på ei anna linje.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 115/22 - 05.12.2022 - Vedtak:**

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følge.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.  
Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33 og pbl. § 19-2.  
Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for endeleg avgjerd.

---

## **116/22: Klagehandsaming Dispensasjon gbnr. 132/9 - Riving av Notbu og oppføring av fritidsleiligheter - Utkilen**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følge.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33 og pbl. § 19-2.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for endeleg avgjerd.

### **05.12.2022 FORMANNSKAPET**

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Viste mellom anna til at det er vanskeleg og kostbart å ta slike endringar i reguleringsplanar kvar gong det skal byggast noko.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at det passar bra med denne aktiviteten tett på turistbedrifta i Kilstraumen.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 4 røyster. (Morten Sognnes (H) var ikkje tilstades i møtet under voteringa, pga brann-utrykking)

### **FS - 116/22 - 05.12.2022 - Vedtak:**

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følge.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33 og pbl. § 19-2.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for endeleg avgjerd.

---

## **117/22: Dispensasjon - gbnr. 160/22 -Klauvholmen/ Rebnor - Tilkomstveg - Fritidsbustad**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og pbl. § 1-8 til omsøkt skogsveg.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering.

### **05.12.2022 FORMANNSKAPET**

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka, iht. saksutgreiinga.

Inger Lise Brekke (H) spurte om hogst av sitkagran, her svara Straumøy at eit av måla er å ta bort skog på eigedommen.

Inger Lise Brekke (H) spurte om vegtrase og sprenging, her svara Straumøy at det tenkt å legga vegen langs ein eksisterande skogssti, med lite sprenging.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **FS - 117/22 - 05.12.2022 - Vedtak:**

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og pbl. § 1-8 til omsøkt skogsveg.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering.

---

## **118/22: Offentleg ettersyn - Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland - Uttale frå Austrheim kommune**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommune tek planforslag til **Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland, planid 2021003** til orientering og har elles følgjande uttale:

*Det er positivt at planen gjev ei heilskapleg vurdering av sjøareala i Nordhordland for å fremja berekraftig utvikling. Kommunen minner om at Nordhordland som produksjonsområde for akvakultur er i trafikklyssystemet for havbruk farga raudt, og ein bør i størst mogleg grad hindre forverring av miljøtilstanden i sjø- og fjordsystema våre. Nordhordland er det einaste UNESCO Biosfæreområde i Noreg, det forpliktar oss til å ha ein berekraftig bruk av sjøareala våre.*

## 05.12.2022 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Ordførar Per Lerøy (Ap) bidrog også, han har vore med i den interkommunale arbeidsgruppa som har jobba med dette.

- Allersholmane lokalitet er tenkt flytta til Senoksen, dette vil vera betre enn det grunne området ved Allersholmane der det er utfordringar mellom anna med lus.
- Børildosen, området er tenkt dreia ut i sundet for å få auka gjennomstrøyming i anlegget.
- Øksnesmarka, kombinera hamn og akvakultur der det tidlegare berre var hamn.
- Målet er at denne interkommunale planen skal vera vedteke innanfor denne kommunestyreperioden, før hausten 2023.
- Har hatt med seg Havforskningsinstituttet, kommunane og tidleg i prosessen også Statsforvaltar.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **FS - 118/22 - 05.12.2022 - Vedtak:**

Austrheim kommune tek planforslag til **Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland, planid 2021003** til orientering og har elles følgjande uttale:

*Det er positivt at planen gjev ei heilskapleg vurdering av sjøareala i Nordhordland for å fremja berekraftig utvikling. Kommunen minner om at Nordhordland som produksjonsområde for akvakultur er i trafikklyssystemet for havbruk farga raudt, og ein bør i størst mogleg grad hindre forverring av miljøtilstanden i sjø- og fjordsystema våre. Nordhordland er det einaste UNESCO Biosfæreområde i Noreg, det forpliktar oss til å ha ein berekraftig bruk av sjøareala våre.*

---

## 119/22: Gratis 12-timers SFO for elevar på 1. trinn

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret vedtek å revidere gjeldande vedtekter for SFO, ved å føye til eit avsnitt som gjeld gratis 12 timars SFO for elevar på 1. trinn. Dei nye satsane vil gjelde frå 01.01.23.

## 05.12.2022 FORMANNSKAPET

Kommunalsjef kultur og oppvekst Trine Merete Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Det er kommunen som definerer kva som er kjernetid og som skal vera gratis
- Legg opp til å dela dette på fem vekedagar, etter vanleg skuletid.
- På spørsmål frå Inger lise Brekke svara Jansen at gratis SFO vil kosta kommunen rundt ein million kroner i året.
- Det var spørsmål frå ordførar Per Lerøy (Ap) og Helge Dyrkolbotn (H) om justering av SFO-satsane, her viste kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug til at satsane ikkje var justerte i fjor. Kommunalsjef Jansen viste til at SFO ikkje er sjølvfinansierande i dag, utgiftene er høgare enn inntektene frå eigendelen.
- Ordførar Per Lerøy (Ap) spurte om gratis SFO for andreklassingar frå hausten 2023, kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug svara at det kjem inn eit punkt om at dette vil komma.

Handsaming i formannskapet:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 119/22 - 05.12.2022 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek å revidere gjeldande vedtekter for SFO, ved å føye til eit avsnitt som gjeld gratis 12 timars SFO for elevar på 1. trinn. Dei nye satsane vil gjelde frå 01.01.23.

---

**120/22: Budsjettframlegg 2023 og økonomiplan for 2023 til 2026**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre vedtek:

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2023 og handlings- og økonomiplan 2023-2026 vert vedteke slik det ligg føre.
2. Investeringsbudsjettet for 2023 sjølvkost er basert på forventa framdrift på tidlegare vedteken VA-plan. Ut frå framdriftsplanen vil Austrheim kommune ta opp 12 millionar kroner i lån i 2023.
3. Det vart teke opp 18,2 millionar kroner i lån til å finansiere investeringar i varige driftsmidlar som (ROP-bustader, digitalisering, elbilar/elbil-ladarar, skuleutbygging og nytt Helse- og omsorgstun).
4. Midlar som var avsett til omsorgsbustader på Kaland i førre økonomiplanperiode vert omdisponert slik at desse midlane vert nytta til finansiering av ROP-bustader.
5. Økonomiplan for 2023-2026 og årsbudsjett for 2023 blir vedteke, jf. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2023 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei ulike hovudområda.
6. Kommunedirektøren vert gjeven fylgjande fullmakter innanfor budsjettet sine rammer (jf. Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):
  - a. Budsjettreguleringar som fylgjer av sentrale og lokale lønnsoppgjer.
  - b. Budsjettreguleringar innanfor sektorane sine rammer.
  - c. Gjennomføre låneopptak av nye lån og refinansiere tidlegare låneopptak. Her under aksept av lånevilkår og underskrift av gjeldsbrev på vegne av kommunen.
  - d. Avgjere oppstart av investeringar finansiert av ubundne fond, og sal av driftsmidlar.
  - e. Fordeling av bevilging til småinvesteringar innafor råma på 100 000,- kr.
  - f. Regulering av teknisk art innanfor drift og finans.(jf. finansreglementet)
7. Kommunedirektøren vert gjeven fullmakt til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.
8. Kommunestyret skriv ut eigeomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigeomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d. Eigeomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille.

Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K-sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2023, jf. esktl. § 10. Kommunen vil i 2023 skrive ut eigedomsskatt på eigedommar som tidlegare var rekna som «verk og bruk» på eit «særskilt fastsett grunnlag» med heimel i overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og første ledd. Det særskilde grunnlaget skal i 2023 være lik 2/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget. Kommunen vil i 2023 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd. Eigedomsskatten vert skriven i samband med kommunale avgifter. Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2018 og 2019.

9. Det vert gjeve ei ramme på kr 868 000,- til kontrollutvalet.
10. Det vert gjeve eit driftstilskot til Austrheim kyrkjelege fellesråd på kr 3 470 000,-
11. Det vert sett av 100 000,- kroner til dekking av Austrheim sokn sine kostnader med kremasjon av døde med heimeadresse i Austrheim.
12. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
13. Godtgjersle til ordførar blir sett til same løn som stortingsrepresentantar og til løn til varaordførar er 9 % av ordførar si løn for 2023. Stortinget sin lønskommisjon gjer årleg framlegg i innstilling om godtgjersle for stortingsrepresentantane og løna til ordførar og varaordførar regulerast per mai 2023 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.
14. Marginavsetning av innbetalt skattebeløp blir sett til 10 %.
15. Frå 01.01 2023 vil Austrheim kommune tilby fleksible fakturerings- og betalingsterminar for kommunale eigedomsgebyr (vatn og kloakk)

Kundane skal kunne velgje mellom:

- Halvårleg betaling (slik som idag) = 2 betalingsterminar pr år
  - Årleg betaling = 1 betalingstermin pr år
  - Månadleg betaling = 12 betalingsterminar pr år
  - Kvartalsvis betaling = 4 betalingsterminar pr år
16. «Gebyr- og betalingssatsar 2023» vert vedtekne slik dei ligg føre.
  17. Det vert oppretta tilskotsordning for frivillige lag og organisasjonar sine bygg på kr 100 000,- Det vert utarbeidd egne retningslinjer for tildeling. Finansiering gjennom auka skatteanslag.
  18. Landbruksfagrådet får tildelt kr 100 000,-. Finansiering gjennom auka skatteanslag. Det skal også i 2023 utarbeidast nye retningslinjer og mandat for landbruksfagsrådet. Saka skal leggjast fram før ny kommunestyreperiode.
  19. Kommunedirektøren set ned ei arbeidsgruppe med deltaking frå eldreråd og

administrasjonen til å sjå nærare på:

1. Tilpassing av bustader for eldre, det kan vera tilskot til tilrettelegging, råd om korleis ein kan få rimelege lån i Husbanken, og anna rådgjeving.
2. Tilrettelegging av det sosiale ved å bu heime, med tilbod om å treffa andre slik at ein unngår einsemd.

20. Kommunedirektøren tek øvrige høyringsinnspel med i det vidare arbeidet med handlings- og økonomiplanperioden 2023-2026.

1. Pandemien har ført til eit stort fråfall i lag og organisasjonar og mange unge slit no med den psykiske helsa. I ein slik ekstremisituasjon må kommunen gjera alt som står i kommunen si makt for å halda idrettsanlegg og andre møteplassar opne og tilgjengelege for frivillige lag og organisasjonar. Dette vil vera eit svært viktig bidrag for å betra folkehelsa i kommunen både fysisk og psykisk. Symjehallen har dei siste åra vore stengt i lange periodar. Dette skuldast både pandemien og planlagde og ikkje planlagde vedlikehaldsoppdrag. Når det gjeld ombyggings- og vedlikehaldsaktivitetane så har desse alltid teke mykje lengre tid enn planlagt og det er heilt uakseptabelt. Det har gått sterkt ut over aktivitetane i symjehallen og har ramma både symjeklubben, skuleelevane i kommunen og borna i Kaland barnehage.
2. Det må setjast av 1,5 millionar kroner på investeringsbudsjettet til bygging av naust i Baløy og etablering av asfalterte og oppmerka parkeringsplassar. Bygglina ved AVS skal byggja sjølve naustet. Prosjektet skal vera sjølvfinansierande og inntektene skal koma frå utleige av naust til Bergen og Hordaland Turlag og parkeringsavgift frå dei om lag 40 båtplassane i båthamna.
3. Det må setjast av pengar til oppgradering og asfaltering av kommunale vegar. Pengane kan gjerne koma frå mindreforbruket i inneverande år (2022). Dette kan gjerast ved at det budsjetterte mindreforbruket på 7,4 millionar kroner vert sett av på disposisjonsfondet, mens det overskytande mindreforbruket vert nytta til vedlikehald og opprusting av vegar. Vegar som må prioriterast er Bergsvik med nye stikkgrøfter og asfalt, vegen ned til Ervik kai med ny asfalt og vegen til Njøta og Langøy der det er trong for diverse reparasjonar av asfalten.
4. Det skal gjennomførast kantslått også neste år på alle dei kommunale vegane. I tillegg må gras og anna som veks inn i dei kommunale vegane, skrapast vekk. Begge desse tiltaka er viktige trafikktryggleikstiltak. Når det gjeld skrapinga av vegane, skal dette gjerast med kommunale ressursar.
5. Ordførar får i oppdrag å gå i drøftingar med aktuelle private utbyggjarar av eldrebustadar på den kommunale tomten i Kalandsfeltet. Husbanken må trekkjast med i planarbeidet.
6. Kunsthuset vert seld til AKE AS for kroner null mot at dei fjernar brakkedelen og ryddar tomten med det same dei overtek eigedommen. AKE AS driv så Kunsthuset vidare utan store kostnader i inntil to år før dei nytta tomten til eit leilegheitsbygg med små gjennomgangsleilegheiter for kommunalt tilsette. Reguleringsplanen må justerast slik at eit leilegheitsbygg kan realiserast på tomten. Dersom det er trong for det, bør AKE realisera fleire byggeprosjekt i områder der kommunen manglar bustadar.
7. Kommunen må snarast ta initiativ til eit møte med Helse Bergen for å få fart på arbeidet med ny ambulansestasjon i Austrheim. Her kan AKE AS eller kommunen stå som byggherre.

8. Den ferdigregulerte tomten i Kalandsfeltet skal seljast i 2023.
9. Den årlege driftsstøtta til Furuli er sagt opp. Dette vil medføre ein auke i husleiga på om lag kr 1200 per måned. Når avgifta på vatn og avlaup også vil stiga kraftig i 2023 og 2024, truleg med kr 210 per måned i 2023 og ein tilsvarende sum i 2024, må kommunen inngå ein ny avtale om kommunal driftsstøtta til Furuli for dei to neste åra på same nivå som tidlegare år.
10. DSB peikar på at tre av fire som dør i brann kjem frå ei risikoutsett gruppe – det er menneske som av ulike grunnar har større sannsyn for å forårsaka brann eller har avgrensa evne til å førebyggja, oppdaga, varsla eller sløkkja brann og redde seg sjølv. Kommunen bør i budsjettet for 2023 setja av midlar til å hjelpa menneska i dei utsette gruppene med førebyggjande tiltak og informasjonsarbeid for å hindra alvorlege brannar. Dette må vera eit samarbeidsprosjekt mellom helse og velferd og brannførebyggjande avdeling.
11. Husbanken har tilskot for utskifting av vindauge i offentlege bygg for å spara energi. Kommunen må sjekka om slike ordningar kan nyttast til å få fjerna trekkproblema på delar av Nordliheimen. Viss svaret er ja, må det setjast av budsjettmidlar for å dekkja den kommunale eigendelen. Arbeidet med glasskiftinga kan kommunen sine eigne fagfolk gjera.
12. Golvbelegget i gangane på Nordliheimen må skiftast for å redusera belastninga dei tilsette har som følge av mykje gåing på eit hardt og nedslite golvbelegg.
13. Flytebryggje i Årvika. Kr. 150.000,- med samarbeidsavtale om ettersyn med Fønnes bygdelag.
14. Toalett av same standard som ved dagsturhytta ved badeplassen på Solesjøen. Samarbeid med Solend og Førland Vel og Bergen og Omland Friluftsråd. Kr. 200.000,-.
15. Nytt venterom med offentleg toalett på Vardetangen i samarbeid med Bergen Hamn AS og Norled AS.
16. Det må setjast opp nye informasjonsskilt ved kaiene våre (Leirvåg, Sævrøy og Vardetangen) i samarbeid med Nordhordland Unesco Biosfæreområde.
17. «Flytt Til», det må vurderast om me skal etablere ei eiga nettside. Kr 300.000,-. Må koplust mot kommunevertar og liknande servicetiltak for folk som vurderer å flytta til kommunen.
18. Det må setjast av midlar til maling av bygg. Dette gjeld Kystbarnehagen, delar av Nordliheimen (her kan vask vera eit tilstrekkeleg tiltak på delar av bygget), venteskuret på Mastrevik kai og brannstasjonen på Mastrevik og Kaland. Deler av dette arbeidet bør kunna gjerast av ungdommar som får sommarjobbar i kommunen. Her må ein samarbeida med NAV Fensfjorden. Desse sommarvikarane kan også gjera andre førefallande arbeidsoppgåver som rydding og lusing rundt kommunale bygg og liknande.
19. Riving av og avvikling av Austrheim Rockeverkstad.
20. Avtalen med Mastrevik Eiendomsselskap AS må på plass både for flytebryggje, kommunekai og havsportsenteret. Her må det setjast av midlar til reparasjonar på flytebryggja og toaletta på havsportsenteret. Dette arbeidet må vera slutført i god tid før sommarsesongen.
21. Fjerning av motocrossbane ved idrettshallen og etablering av BMX-bane i same området, når ny motocrossbane er etablert. Her må idrettslag og motocrossklubb involverast.
22. Lage ein plan for opparbeiding av uteområda ved skulane, vurdere både klatre-, skate- og sykkelpark. (Sjå e-post frå Sunniva Ytre-Hauge; sunniva\_yh@hotmail.com ).
23. Etablere eit røykjeskur for pasientane på Nordliheimen. Det må også lagast tak over dei inngangspartia ved heimen som dei pårørande nyttar.
24. Det må setjast av midlar til trafikktryggleikstiltak som er tilpassa dei fylkeskommunale tilskotsmidlane som ein søker om i februar.



25. Ny traktor til idrettsparken. Kr 135.000,- i innbyte for den gamle. Kjøp av ny frå Helse Bergen (eitt år gamal, men ubrukt) kr 330.000,-. Treng kr 195.000,- som kan delast mellom kommune og AIL.
26. Som ein del av kommunen sine sparetiltak vil kommunedirektøren fjerna ein helsesekretær på legekantoret. Med fem legar, fire årsverk, verkar dette å vera ei dårleg løysing.
27. Alle løyva for bygging av ROP-bustadar er no på plass. I Austrheim kommune er det ein svært pressa bustadmarknad. Kommunen må av den grunn starta prosjektet med dei tre ROP-bustadane alt i første kvartal 2023.
28. Det må investerast i robotgrasklypparar til parkane ved kommunehuset og Nordliheimen.
29. VA planen må oppdaterast og kommunestyrevedtaket om vatn til Førland må innarbeidast i planen.
30. Støtte til Team Rynkeby Vestland. To Austrheim-sykkelistar til Paris i 2023. Logo på drakter og følgjebil, kr 25.000,-.
31. Felles julefeiring for flyktningar frå Ukraina i Nordhordland på Fjon Fjellkyrkje i regi av Masfjorden sokneråd. Kr. 7.000,-.
32. Julegåveaksjonen 2022 kr 20.000,-.
33. Grus på bureisingsvegen, kr 30.000,- under føresetnad av at brukarane utfører arbeidet.

| Tiltak  | Investering        | Drift              |
|---|--------------------|--------------------|
| 2. Naust og parkering Baløy (sjølvfinansierande)            | 1.500.000,-        |                    |
| 3. Asfaltering Ervik, Bergsvik, Njøta                       | 750.000,-          |                    |
| 4. Kantslått  |                    | 400.000,-          |
| 8. Sal av regulert tomt i Kalandsfeltet                     | -2.000.000,-       |                    |
| 11. Nye glas Nordliheimen                                   | 100 000,-          |                    |
| 12. Golvbelegg Nordliheimen                                 | 300.000,-          |                    |
| 13. Flytebyggje Årvika                                      | 150.000,-          |                    |
| 14. Toalett Solesjøen                                       |                    | 200.000,-          |
| 19. Riving Rockeklubb                                       | 50.000,-           |                    |
| 23. Røykjeskur Nordliheimen og lette tak over inngangsparti | 100.000,-          |                    |
| 24. Tiltak for trafikktryggleik                             | 200.000,-          | 300.000,-          |
| 25. Traktor til idrettsparken                               | 100.000,-          |                    |
| 26. Helsesekretær   |                    | 400.000,-          |
| 27. ROP, sjå eigen finansieringsplan                        |                    |                    |
| 28. Rotorgrasklyppar  | 200.000,-          |                    |
| 30. Team Rynkeby Vestland                                   |                    | 25.000,-           |
| <b>Totalt</b>   | <b>1.450.000,-</b> | <b>1.325.000,-</b> |

Julefeiring for flyktningar, julegåveaksjonen og grus må førast på årets driftsrekneskap, kr 57.000,-.

## 05.12.2022 FORMANNSKAPET

Budsjettinnspel for 2023 frå Austrheim Arbeidarparti og Austrheim Høgre foreslått av: Per Lerøy

1. Pandemien har ført til eit stort fråfall i lag og organisasjonar og mange unge slit no med den psykiske helsa. I ein slik ekstremisituasjon må kommunen gjera alt som står i kommunen si makt for å halda idrettsanlegg og andre møteplassar opne og tilgjengelege for frivillige lag og organisasjonar. Dette vil vera eit svært viktig bidrag for å betra

folkehelsa i kommunen både fysisk og psykisk. Symjehallen har dei siste åra vore stengt i lange periodar. Dette skuldast både pandemien og planlagde og ikkje planlagde vedlikehaldsoppdrag. Når det gjeld ombygging- og vedlikehaldsaktivitetane så har desse alltid teke mykje lengre tid enn planlagt og det er heilt uakseptabelt. Det har gått sterkt ut over aktivitetane i symjehallen og har ramma både symjeklubben, skuleelevane i kommunen og borna i Kaland barnehage.

2. Det må setjast av 1,5 millionar kroner på investeringsbudsjettet til bygging av naust i Baløy og etablering av asfalterte og oppmerka parkeringsplassar. Bygglina ved AVS skal byggja sjølve naustet. Prosjektet skal vera sjølvfinansierande og inntektene skal koma frå utleige av naust til Bergen og Hordaland Turlag og parkeringsavgift frå dei om lag 40 båt plassane i båthamna.
3. Det må setjast av pengar til oppgradering og asfaltering av kommunale vegar. Pengane kan gjerne koma frå mindreforbruket i inneverande år (2022). Dette kan gjerast ved at det budsjetterte mindreforbruket på 7,4 millionar kroner vert sett av på disposisjonsfondet, mens det overskytande mindreforbruket vert nytta til vedlikehald og opprusting av vegar. Vegar som må prioriterast er Bergsvik med nye stikkgrøfter og asfalt, vegen ned til Ervik kai med ny asfalt og vegen til Njøta og Langøy der det er trong for diverse reparasjonar av asfalten.
4. Det skal gjennomførast kantslått også neste år på alle dei kommunale vegane. I tillegg må gras og anna som veks inn i dei kommunale vegane, skrapast vekk. Begge desse tiltaka er viktige trafikktryggleikstiltak. Når det gjeld skrapinga av vegane, skal dette gjerast med kommunale ressursar.
5. Ordførar får i oppdrag å gå i drøftingar med aktuelle private utbyggjarar av eldrebustadar på den kommunale tomten i Kalandfeltet. Husbanken må trekkjast med i planarbeidet.
6. Kunsthuset vert seld til AKE AS for kroner null mot at dei fjernar brakkedelen og ryddar tomten med det same dei overtek eigedommen. AKE AS driv så Kunsthuset vidare utan store kostnader i inntil to år før dei nytta tomten til eit leilegheitsbygg med små gjennomgangseilegheiter for kommunalt tilsette. Reguleringsplanen må justerast slik at eit leilegheitsbygg kan realiserast på tomten. Dersom det er trong for det, bør AKE realisera fleire byggeprosjekt i områder der kommunen manglar bustadar.
7. Kommunen må snarast ta initiativ til eit møte med Helse Bergen for å få fart på arbeidet med ny ambulansestasjon i Austrheim. Her kan AKE AS eller kommunen stå som byggherre.
8. Den ferdigregulerte tomten i Kalandfeltet skal seljast i 2023.
9. Den årlege driftsstøtta til Furuli er sagt opp. Dette vil medføre ein auke i husleiga på om lag kr 1200 per måned. Når avgifta på vatn og avlaup også vil stiga kraftig i 2023 og 2024, truleg med kr 210 per måned i 2023 og ein tilsvarande sum i 2024, må kommunen inngå ein ny avtale om kommunal driftsstøtta til Furuli for dei to neste åra på same nivå som tidlegare år.
10. DSB peikar på at tre av fire som dør i brann kjem frå ei risikoutsett gruppe – det er menneske som av ulike grunnar har større sannsyn for å forårsaka brann eller har avgrensa evne til å førebyggja, oppdaga, varsle eller sløkkja brann og redde seg sjølv. Kommunen bør i budsjettet for 2023 setja av midlar til å hjelpe menneska i dei utsette gruppene med førebyggjande tiltak og informasjonsarbeid for å hindra alvorlege brannar. Dette må vera eit samarbeidsprosjekt mellom helse og velferd og brannførebyggjande avdeling.
11. Husbanken har tilskot for utskifting av vindauge i offentlege bygg for å spara energi. Kommunen må sjekka om slike ordningar kan nyttast til å få fjerna trekkproblema på delar av Nordliheimen. Viss svaret er ja, må det setjast av budsjettmidlar for å dekkja den kommunale eigedelen. Arbeidet med glasskiftinga kan kommunen sine egne fagfolk gjera.
12. Golvbelegget i gangane på Nordliheimen må skiftast for å redusera belastninga dei tilsette har som følgje av mykje gåing på eit hardt og nedslite golvbelegg.
13. Flytebryggje i Årvika. Kr. 150.000,- med samarbeidsavtale om ettersyn med Fønnes

bygdelaag.

14. Toalett av same standard som ved dagsturhytta ved badeplassen på Solesjøen. Samarbeid med Solend og Førland Vel og Bergen og Omland Friluftsråd. Kr. 200.000,.
15. Nytt venterom med offentlig toalett på Vardetangen i samarbeid med Bergen Hamn AS og Norled AS.
16. Det må setjast opp nye informasjonsskilt ved kaiene våre (Leirvåg, Sævrøy og Vardetangen) i samarbeid med Nordhordland Unesco Biosfæreområde.
17. «Flytt Til», det må vurderast om me skal etablera ei eiga nettside. Kr 300.000,-. Må koplant mot kommunevertar og liknande servicetiltak for folk som vurderer å flytta til kommunen.
18. Det må setjast av midlar til maling av bygg. Dette gjeld Kystbarnehagen, delar av Nordliheimen (her kan vask vera eit tilstrekkeleg tiltak på delar av bygget), venteskuret på Mastrevik kai og brannstasjonen på Mastrevik og Kaland. Deler av dette arbeidet bør kunna gjerast av ungdommar som får sommarjobbar i kommunen. Her må ein samarbeida med NAV Fensfjorden. Desse sommarvikarane kan også gjera andre førefallande arbeidsoppgåver som rydding og luking rundt kommunale bygg og liknande.
19. Riving av og avvikling av Austrheim Rockeverkstad.
20. Avtalen med Mastrevik Eiendomsselskap AS må på plass både for flytebryggje, kommunekai og havsportsenteret. Her må det setjast av midlar til reparasjonar på flytebryggja og toaletta på havsportsenteret. Dette arbeidet må vera slutført i god tid før sommarsesongen.
21. Fjerning av motocrossbane ved idrettshallen og etablering av BMX-bane i same området, når ny motocrossbane er etablert. Her må idrettslag og motocrossklubb involverast.
22. Lage ein plan for opparbeiding av uteområda ved skulane, vurdere både klatre-, skate- og sykkelpark. (Sjå e-post frå Sunniva Ytre-Hauge; sunniva\_yh@hotmail.com ).
23. Etablera eit røykjeskur for pasientane på Nordliheimen. Det må også lagast tak over dei inngangspartia ved heimen som dei pårørande nyttar.
24. Det må setjast av midlar til trafikktryggleikstiltak som er tilpassa dei fylkeskommunale tilskotsmidlane som ein søker om i februar.
25. Ny traktor til idrettsparken. Kr 135.000,- i innbyte for den gamle. Kjøp av ny frå Helse Bergen (eitt år gamal, men ubrukt) kr 330.000,-. Treng kr 195.000,- som kan delast mellom kommune og AIL.
26. Som ein del av kommunen sine sparetiltak vil kommunedirektøren fjerna ein helsesekretær på legekantoret. Med fem legar, fire årsverk, verkar dette å vera ei dårleg løysing.
27. Alle løyva for bygging av ROP-bustadar er no på plass. I Austrheim kommune er det ein svært pressa bustadmarknad. Kommunen må av den grunn starta prosjektet med dei tre ROP-bustadane alt i første kvartal 2023.
28. Det må investerast i robotgrasklypparar til parkane ved kommunehuset og Nordliheimen.
29. VA planen må oppdaterast og kommunestyrevedtaket om vatn til Førland må innarbeidast i planen.
30. Støtte til Team Rynkeby Vestland. To Austrheim-sykelistar til Paris i 2023. Logo på drakter og følgjebil, kr 25.000,-.
31. Felles julefeiring for flyktningar frå Ukraina i Nordhordland på Fjon Fjellkyrkje i regi av Masfjorden sokneråd. Kr. 7.000,-.
32. Julegåveaksjonen 2022 kr 20.000,-.
33. Grus på bureisingsvegen, kr 30.000,- under føresetnad av at brukarane utfører arbeidet.

| Tiltak   | Investering | Drift     |
|--|-------------|-----------|
| 2. Naust og parkering Baløy (sjølvfinansierande) | 1.500.000,- |           |
| 3. Asfaltering Ervik, Bergsvik, Njøta            | 750.000,-   |           |
| 4. Kantslått                                     |             | 400.000,- |

|   |              |             |
|---|--------------|-------------|
| 8. Sal av regulert tomt i Kalandsfeltet                     | -2.000.000,- |             |
| 11. Nye glas Nordliheimen                                   | 100.000,-    |             |
| 12. Golvbelegg Nordliheimen                                 | 300.000,-    |             |
| 13. Flytebryggje Årvika                                     | 150.000,-    |             |
| 14. Toalett Solesjøen                                       |              | 200.000,-   |
| 19. Riving Rocceklubb                                       | 50.000,-     |             |
| 23. Røykjeskur Nordliheimen og lette tak over inngangsparti | 100.000,-    |             |
| 24. Tiltak for trafikktryggleik                             | 200.000,-    | 300.000,-   |
| 25. Traktor til idrettsparken                               | 100.000,-    |             |
| 26. Helsesekretær   |              | 400.000,-   |
| 27. ROP, sjå eigen finansieringsplan                        |              |             |
| 28. Rotorgrasklyppar  | 200.000,-    |             |
| 30. Team Rynkeby Vestland                                   |              | 25.000,-    |
| Totalt  | 1.450.000,-  | 1.325.000,- |

Julefeiring for flyktningar, julegåveaksjonen og grus må førast på årets driftsrekneskap, kr 57.000,-.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug og økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksframlegget.

Ordførar Per Lerøy (Ap) la fram ei liste frå Austrheim Arbeidarparti og Austrheim Høgre med tilleggspunkt til budsjettet, nokre tiltak og nokre verbalpunkt, og med eit par punkt som gjeld utgifter i 2022. Lerøy presiserte at dette ikkje var til vedtak i dette møtet, men eit innspel fram mot budsjetthandsaminga i kommunestyret i desember.

- Ordførar Lerøy gjekk gjennom lista, punkt for punkt (lista ligg inne som eit tilleggssframlegg).
- Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes ba om at ein såg dette opp mot at det var inndekking for tiltaka, kva som var rett plassert av drift og investeringar, og at innkjøp må vera etter kva som ligg for offentlege anskaffingar.
- Morten Sognnes (H) spurte om kva som er grensa for når noko må ut på offentleg anskaffingar, og fekk til svar frå kommunedirektøren at grensa er 100.000 kroner.
- Helge Dyrkolbotn (KrF) ba om at ein tar med seg innspelet frå RMNF om å gjera utbetringar på Austrheim arbeidssenter, det vert for lenge å venta til ein eventuell ny Nordliheim.
- Helge Dyrkolbotn (KrF) viste til at for turstiar må ein få grusa stien i Hoplandsmarka og få fart i arbeidet med tursti i samband med idrettsparken, og Inger Lise Brekke (H) støtta at ein hentar fram igjen planane om sti rundt idrettsparken.
- Helge Dyrkolbotn (KrF) sa om "Flytt til"-punktet at dette kan løysast enklare ved å kjøpa domenet og lenka det inn til kommunen si eiga heimeside, og fekk støtte frå Inger Lise Brekke (H) og Per Lerøy (Ap), om at dette må løyast på rimelegaste og beste måte.

Formannskapet var samde om å gje kommunedirektøren ryggdekning for å støtta julegåveaksjonen 2022.

Etter diskusjon i formannskapet var det semje om at formannskapet samt Jan Erik Espelid frå Bygdelista skal samlast tysdag 13. desember og laga ei felles prioriteringsliste til nye tiltak, med lista frå Ap/Høgre og dei andre partia. Bakgrunnen er at tertialrapporten for 3. kvartal skal vera klar den dagen. Ordførar kallar inn.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **FS - 120/22 - 05.12.2022 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre vedtek:

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2023 og handlings- og økonomiplan 2023-2026 vert vedteke slik det ligg føre.

2. Investeringsbudsjettet for 2023 sjølvkost er basert på forventa framdrift på tidlegare vedteken VA-plan. Ut frå framdriftsplanen vil Austrheim kommune ta opp 12 millionar kroner i lån i 2023.
3. Det vart teke opp 18,2 millionar kroner i lån til å finansiere investeringar i varige driftsmidlar som (ROP-bustader, digitalisering, elbilar/elbil-ladarar, skuleutbygging og nytt Helse- og omsorgstun).
4. Midlar som var avsett til omsorgsbustader på Kaland i førre økonomiplanperiode vert omdisponert slik at desse midlane vert nytta til finansiering av ROP-bustader.
5. Økonomiplan for 2023-2026 og årsbudsjett for 2023 blir vedteke, jf. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2023 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei ulike hovudområda.
6. Kommunedirektøren vert gjeven fylgjande fullmakter innanfor budsjettet sine rammer (jf. Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):
  - a. Budsjettreguleringar som fylgjer av sentrale og lokale lønnsoppgjer.
  - b. Budsjettreguleringar innanfor sektorane sine rammer.
  - c. Gjennomføre låneopptak av nye lån og refinansiere tidlegare låneopptak. Her under aksept av lånevilkår og underskrift av gjeldsbrev på vegne av kommunen.
  - d. Avgjere oppstart av investeringar finansiert av ubundne fond, og sal av driftsmidlar.
  - e. Fordeling av bevilgning til småinvesteringar innafor råma på 100 000,- kr.
  - f. Regulering av teknisk art innanfor drift og finans.(jf. finansreglementet)
7. Kommunedirektøren vert gjeven fullmakt til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.
8. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d. Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K-sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2023, jf. esktl. § 10. Kommunen vil i 2023 skrive ut eigedomsskatt på eigedommar som tidlegare var rekna som «verk og bruk» på eit «særskilt fastsett grunnlag» med heimel i overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og første ledd. Det særskilde grunnlaget skal i 2023 være lik 2/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget. Kommunen vil i 2023 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd. Eigedomsskatten vert skriven i samband med kommunale avgifter. Siste alminnelege taksering I kommunen vart gjennomført I 2018 og 2019.
9. Det vert gjeve ei ramme på kr 868 000,- til kontrollutvalet.
10. Det vert gjeve eit driftstilskot til Austrheim kyrkjelege fellesråd på kr 3 470 000,-
11. Det vert sett av 100 000,- kroner til dekking av Austrheim sokn sine kostnader med kremasjon av døde med heimeadresse i Austrheim.
12. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

13. Godtgjersle til ordførar blir sett til same løn som stortingsrepresentantar og til løn til varaordførar er 9 % av ordførar si løn for 2023. Stortinget sin lønsskommissjon gjer årleg framlegg i innstilling om godtgjersle for stortingsrepresentantane og løna til ordførar og varaordførar regulerast per mai 2023 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.
14. Marginavsetning av innbetalt skattebeløp blir sett til 10 %.
15. Frå 01.01 2023 vil Austrheim kommune tilby fleksible fakturerings- og betalingsterminar for kommunale eigedomsgebyr (vatn og kloakk)

Kundane skal kunne velgje mellom:

- Halvårleg betaling (slik som idag) = 2 betalingsterminar pr år
  - Årleg betaling = 1 betalingstermin pr år
  - Månadleg betaling = 12 betalingsterminar pr år
  - Kvartalsvis betaling = 4 betalingsterminar pr år
16. «Gebyr- og betalingssatsar 2023» vert vedtekne slik dei ligg føre.
  17. Det vert oppretta tilskotsordning for frivillige lag og organisasjonar sine bygg på kr 100 000,- Det vert utarbeidd eigne retningslinjer for tildeling. Finansiering gjennom auka skatteanslag.
  18. Landbruksfagrådet får tildelt kr 100 000,-. Finansiering gjennom auka skatteanslag. Det skal også i 2023 utarbeidast nye retningslinjer og mandat for landbruksfagsrådet. Saka skal leggjast fram før ny kommunestyreperiode.
  19. Kommunedirektøren set ned ei arbeidsgruppe med deltaking frå eldreråd og administrasjonen til å sjå nærare på:
    1. Tilpassing av bustader for eldre, det kan vera tilskot til tilrettelegging, råd om korleis ein kan få rimelege lån i Husbanken, og anna rådgjeving.
    2. Tilrettelegging av det sosiale ved å bu heime, med tilbod om å treffa andre slik at ein unngår einsemd.
  20. Kommunedirektøren tek øvrige høyringsinnspel med i det vidare arbeidet med handlings- og økonomiplanperioden 2023-2026.
-